




Arbeidarpartiet



HAREID ARBEIDARPARTI

**Hareid - ei framtidsretta og berekraftig
kommune for innbyggjarar i alle aldrar**



1. NÆRING OG UTVIKLING

Hareid Arbeidarparti ynskjer å skape eit attraktivt og fungerande sentrum, slik at kommunen kan utvikle seg vidare med eit robust næringsliv som tilbyr arbeidsplassar for ei aukande busetjing. Hareid Arbeidarparti er positive til private aktørar sitt engasjement i høve kulturhusplanar.

Hareid Arbeidarparti skal arbeide for:

- jamleg kontakt mellom næringsliv og kommune, og tettare dialog gjennom felles arenaer for dialog mellom næringsliv, politikarar og administrasjon i kommunen
- å vidareutvikle og leggje til rette for eksisterande reguleringsplanar
- å leggje til rette for etablering av næring i havrommet knytt til Storfjorden og omegn
- å leggje til rette for byggjeklare tomter der folk vil bu
- å skape eit levande sentrum; med sentrumsfunksjonar og handel

2. EIN GOD STAD Å VEKSE OPP ER EIN GOD STAD Å BU

Ein god barndom varer heile livet. Ein god start i livet skaper trygge og stabile vaksne som bidreg positivt i arbeidsliv og fritid. Difor er gode barnehagar og skular, i tillegg til gode fritidstilbod, dei beste investeringane vi kan gjere for kommunen vår.

Hareid Arbeidarparti skal arbeide for:

- å sikre og styrke fagkompetanse i barnehagane
- at det vert prioritert tidleg innsats i barnehage og skule for å styrke individuell livsmeistring
- auke kunnskapen om psykisk helse i barnehage og skule
- at Ungdomsrådet får delta i viktige avgjerder i saker som gjeld framtidskommunen
- at det psykiske og fysiske miljøet får stå i fokus i alt arbeid med born og unge

- å oppgradere kvaliteten på uteområde og fellesareal i kommunen (eksisterande eller nye)
- å støtte opp om gode fritidstilbod for alle
- å støtte opp om eldresenter og dagtilbod
- å oppmøde fleire lag og foreiningar om å nytte seg av dei eldre som ein ressurs
- at kommunen utarbeider ein samla, lett tilgjengeleg informasjon om kultur- og fritidstilbod i kommunen vår, på fleire språk
- at kulturengasjement i kommune vår får vekse fram
- at Hjellebakken og Hareid ungdomsskule vert prioriterte i areal- og kommuneplan

3. VELFERD, TRYGGLEIK OG HELSE

Hareid Arbeidarparti si målsetjing er å skape eit lokalsamfunn som vil fremje god helse for alle. Vi ynskjer å utjamne sosiale skilnader, og gi born og unge ein god start i livet. Alle i eit lokalsamfunn skal føle seg inkluderte, verdsette og trygge. Eit samarbeid mellom faglege instansar i kommunen og politi er viktig i det førebyggjande arbeidet. Alle innbyggjarar i Hareid skal få den oppfølging og hjelp dei har behov for, og få moglegheita til å få bu heime så lenge det er forsvarleg for helsa.

Hareid Arbeidarparti skal arbeide for:

- å sikre god kvalitet i tilbodet til brukarar med særskilde behov
- ein arbeidsgjevarpolitikk som sikrar heiltidsstillingar framfor deltidsstillingar
- å styrke det rusførebyggjande arbeidet i kommunen
- å styrke skulehelsetenesta i kommunen
- å vidareutvikle og effektivisere pleie- og omsorgstenesta
- å bli ei føregangskommune innan velferdsteknologi
- å bli ei føregangskommune innan tverrfagleg samhandling og effektivisering av ressursbruk

4. KLIMA OG MILJØ

Klima- og miljøspørsmål er vår tid si store utfordring. Hareid Arbeidarparti ynskjer at innbyggjarane i kommunen skal få reell moglegheit for å kunne gjere miljøvennlege val, slik at alle får bidra positivt inn i klimakampen. Mykje er allereie gjort – men vi ynskjer å gjere meir. Tenkje globalt – handle lokalt.

Hareid Arbeidarparti skal arbeide for:

- trygg sykkelparkering ved alle offentlege bygg
- fleire ladestasjonar for elbil
- at energisparande tiltak på driftssida i kommunen vert prioritert (bygningar, bilar, utstyr)
- at kommunen tek miljøansvaret alvorleg, og stiller krav til næringsverksemder om sikker handtering av avfall på land, i vassdrag og sjø
- å realisere fleire turstiar i kommunen vår
- å delta i Stikk ut!
- å ta vare på lokalmiljøa sitt sær preg; fylgje opp verneplanar
- vern av dyrka mark / matjord
- at Hareid kommune på sikt vert ei 0-utsleppskommune når det gjeld CO₂

Hareid Arbeidarparti er positive til at det vert produsert meir fornybar og klimavennlig energi i Noreg, men er i mot utbygging av vindkraftverk og vindmøller. Med ei galopperande teknologisk utvikling, vil det i nærmest framtid kunne finnast andre og smartare løysingar for energiutvinning – som t.d. sol- og havenergi. Vår soleklare haldning er at vi på ingen måte vil opne for vindmølleutbygging i fjella i Hareid. Hareid Arbeidarparti vil vere pådrivar for å få redusert fartsgrense på fylkesvegen i strekninga Hareid - Hjørungavåg. Partiet vil også vere pådrivar for å få realisert planane som allereie ligg føre for Ovra, der det er teikna inn parkering på oppsida av vegen - med undergang til badestranda.

5. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Alle tilsette i Hareid kommune skal ha eit godt arbeidsmiljø. Arbeidsgjevar har eit stort ansvar for at dei tilsette vert høyrd og verdsett i høve til dei oppgåvane som skal utførast. Målsetjinga er størst mogleg kvalitet i tenestene til innbyggjarane i kommunen, samt trygge arbeidsvilkår for dei tilsette.

- Hareid Arbeidarparti vil ikkje konkurranseutsette dei oppgåvane kommunen er sett til å utføre
- Hareid Arbeidarparti ynskjer å satse på kommunen sine eigne tilsette, slik at ein unngår å leige inn tenester frå andre
- Hareid Arbeidarparti vil leggje til rette for at kommunen sine eigne tilsette får moglegheit for å ta etter- og vidareutdanning
- Hareid Arbeidarparti vil leggje til rette for at kommunen som arbeidsgjevar arbeider målretta for å redusere sjukefråvere hjå dei tilsette



Ragnhild Nedrelid
Ordførerkandidat

Eg er 52 år, sambuar og mor til 3 born. Eg arbeider som kurator. Dei siste 4 åra har eg vore fast medlem av kommunestyret og levekårsutvalet. I tillegg har eg vore vara til formannskapet. Eg sit også i Effektiviserinsutvalet. Eg har eit sterkt engasjement for lokalmiljøet og kommunen min. Det, i tillegg til den politiske erfaringa eg har, gjer at eg stiller til val for 4 nye år.

Eg brenn for, og vil arbeide for:

- Barn og unge sine oppvekstvilkår
- Legge til rette for nye arbeidsplassar, i tett samarbeid med næringslivet
- Legge til rette for byggeklare og attraktive tomter der innbyggjarane sjølv vil bu



André Bårslett
Kandidat nr 2

Alder: 48 år.
Yrke: Sjømann
Fritidsinteresser: Veteranbilar og trening
Sivilstatus: Sambuar, og tre born i alderen 16, 19 og 25 år.

- Eg stiller til val fordi eg ynskjer å bidra til ei positiv utvikling av Hareid kommune – med fokus på ei rettferdig fordeling.
- Eg brenn for at alle skal ha like mogleheter og like rettar.
- Eg vil arbeide for at Hareid kommune har eit tilbod til alle, og med fokus på utvikling av næringslivet.



Hege Holstad

Kandidat nr 3

Eg er 48 år, gift og har fire born i alderen 14-23 år. Eg jobbar som lærar og rådgjevar ved Ulstein vidaregåande skule. Fysisk aktivitet er ein viktig del av kvardagen min, og eg er også aktiv innan korsong. Engasjement i ulike lag og organisasjonar har vore viktig for meg. Dei fire siste åra har eg vore med i nærings- og miljøutvalet, og eg har vore medlem i kommunestyret sidan oktober 2018.

Eg stiller til val fordi eg er glad i heimkommunen min og har lyst å påverke og bidra til at Hareid kommune i framtida skal verte ei enda betre kommune å bu i. Gode lokalsamfunn med varierte og trygge arbeidsplassar for alle, gode oppvekstmiljø, gode og trivelege butilhøve, og varierte fritidsaktivitetar er noko eg brenn for. Eg trur vi kan få til noko gjennom godt samarbeid og fellesskap.



Jeyuran Vijayaratnam

Kandidat nr 5

Eg er 30 år og gift. Eg bur på Hjørungavåg, og arbeider som helsefagarbeidar i Sande og Hareid kommunar. Eg har vore aktiv innan politikk i Hareid sidan 2008. Dei siste 8 åra som varamedlem av kommunestyret.

Eg stiller til val, fordi eg har eit sterkt samfunnsengasjement. Eg ønsker å bidra til vidare folkevekst og utvikling i Hareid kommune. Særleg har eg hatt fokus på å legge tilrette for godt oppvekstmiljø, og fleire tilbod for born, unge og eldre i kommunen vår. Det er gjennom å skape moglegheiter for å leve det gode kvardagslivet, at kommunen vår vert ei attraktiv bukommune. Vi må skape eit godt samfunn med moglegheiter for alle, gjennom godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillig arbeid.



Ivar-Aage Røyset

Kandidat nr 4

43 år, gift, to born.
Yrke: Rørleggjar

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å bidra til at Hareid skal bli ei endå betre kommune å bu i, for alle innbyggjarar – med like moglegheiter og rettar.

Eg meiner det er viktig å leggje til rette for nye arbeidsplassar i samarbeid med næringslivet.





Arbeidspartiet

Kandidatliste

Ragnhild Viddal Nedreli	1967	Hjørungavåg
André Bårslett	1971	Hareid
Hege Holstad	1970	Hareid
Ivar-Aage Røyset	1976	Hareid
Jeyuran Vijayaratnam	1989	Hjørungavåg
Modulf Røyset	1951	Hareid
Andrzej Flemming	1967	Hareid
Janne Kaldvansvik Øvreli	1994	Hareid
Christina Kaldhol	1989	Bigset
Ann Katrin Røyset	1983	Bigset
Alf Erik Bjåstad	1984	Hareid
Frank Grimstad	1967	Hareid
Linn Urke	1983	Hareid
Anders Hjelle Øiestad	1987	Hareid
Siv-Marit Røyset Kaldhol	1967	Bigset
Vigdis Riise	1945	Hareid
Simon Holstad	1999	Hareid

HAREID ARBEIDARPARTI

- Saman om Hareid